**Statens vegvesen**

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Marianne Skulstad / 55516253 | 15/239302-2 | 15/3562 - 15/35389 | 16.12.2015 |

# Dispensasjon frå LNF-formål - gnr. 146 bnr. 44 - Fosse - Lindås kommune

Vi viser til motteke høyringsbrev om dispensasjon frå LNF-formål for eigedom 146/44 på Fosse i Lindås kommune. Søknaden gjeld oppføring av bustadhus på frådelt eigedom.

Eigedomen er knytt til privat veg, som har avkøyrsle frå fv. 404 ved hp 1 km 4,15. I *Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016),* er fylkesvegen forbi omsøkt avkøyrsle vist med **haldningsklasse 3**. Dette vil mellom anna seie at

- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt
- Byggjegrensa er normalt 30 meter

Statens vegvesen har i utgangspunkt inga merknader til ein eventuell dispensasjon frå LNF-føremålet, men vi gjer merksam på at det må søkjast om løyve til utvida bruk av avkjørsla frå fylkesvegen, jf. veglova § . I den samanheng vil vi vurdere om sikttilhøva og teknisk utforming av avkøyrsla er tilfredsstillande etter dagens standard. Så vidt vi kan sjå frå vegbilder og kart, vil det vere teknisk mogleg å få til ei godkjent avkøyrsle. Det har ikkje vore tid til synfaring i denne saka, men det vil verte gjort i samband med avkøyrslevurdering.

Heile eigedom gnr. 146 bnr. 44 ligg meir enn 30 meter frå vegmidte, og er difor utanfor byggjegrensa frå fylkesvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Liv Margareth Alver, Skarsvegen 414, 5911 ALVERSUND

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*